



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd torsdag 06.11.25 kl.19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Kjersti J. Søreide, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.
Sissel Sørebo og Ingunn Østerbø på telefon.

Jubileumsnemnda til Ortnevik kyrkje : Geir Sørebo, Stig Jonny Fitje, Nina og Inge Brekke var med på første del av møtet der sak 42/25 vart drøfta.

Til opning las Inger C. eit dikt.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

17/25 Info frå fellesrådet v/ Terje og Kjersti – synfaring på kyrkjegardane på nordsida. Glasmåleri i Høyanger kyrkje er i dårleg stand.

18/25 Kyrkja i Ortnevik har blitt måla innvendig.

19/25 Kyrkja i Ortnevik fekk prosesjonskors i gåve av Erling Bjordal til 100- års jubileet. Kjersti undersøker muligheiten for å lage fot; også til korset i Bjordal.

20/25 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Hausttakkefest på Massnes 21. september – 37 personar.
- Seminar på Ortnevik Tre 4. oktober – ca 160 – 170 personar.
- Seminar i Ortnevik kyrkje 4. okt. – ca 90 personar.
- Jubileumsgudsteneste i Ortnevik 5. oktober – 140 personar
- Konsert med Sigrid Moldestad 5. okt. - 181 personar
- Minnegudsteneste i Bjordal 26. oktober - 14 personar.
- Song på Bygdetunet - om lag 20 personar kvar gong.
- Andakt på Bygdetunet
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

Sakliste

Sak 41/25 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 4. september.

Vedtak: Møteprotokoll frå 4. september vart godkjent.

Sak 42/25 Evaluering etter 100- års markeringa til Ortnevik kyrkje.

Jubileet var svært vellykka, alle var fornøgd med helga, og økonomien ser ut til å gå omlag i ballanse når ein tek med sponsormidlar; kanskje eit underskot på ca 5000,-.

Det er mykje god kunnskap som kan brukast vidare for å marknedsføre Ortnevik. Dette vart drøfta : vandring/guide gjennom bygda, turgåing langs fjorden /Fjellhytta, samarbeid med anna arrangement t.d Sørsideseminaret, konsert, færikål/smalahåvefest. Ha eit fengande namn, og annonsere dette på nett Airbnb/ booking .com i ein periode av året, og samarbeide med lag og organisasjonar.

Vedtak: Soknerådet prøver få til eit opplegg til neste år. Camilla tek initiativ til eit møte der jubileumsnemnda drøftar ideane vidare. Geir lagar eit forslag til mal på guiding i bygda.

Sak 43/25 Julekonsert i Ortnevik 14. desember kl. 17.00.

Vedtak: Vadheim musikklag, Camilla/Ole M. Ådland, Hanna/ Eldar/ Anders Brekke og Sørside- koret Fjordlåt blir med. Soknerådet dekkjer ferjebillett, og skaffar skyss og mat i Ortnevik for Vadheim musikklag. Camilla leier, kjøper inn gåve til deltakarane og lagar plakat. Det blir høve å gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet. Inger C. lagar program der ein får med vippsnr.

Sak 44/25 Gudstenesteplan fram til 1. halvår 2026.

Vedtak:

Bjordal

7. desember kl. 18 – Inger C. og konfirmantane
24. des. kl. 16 – Inger og Anders Brekke
18. januar kl. 11 – Inger Cesilie og Peter (dåp)
15. februar kl. 16 – Inger Cesilie og Peter
15. mars kl. 11 – Inger Cesilie - årsmøte
5. april (1. påskedag) kl. 16 – Inger Cesilie og Peter
26. april kl. 11 Inger Cesilie og Peter
10. mai kl. 11 (konfirmasjon) – Inger Cesilie og Peter
17. mai – Inger Cesilie og Peter
14. juni kl. – Inger Cesilie og Peter (Friluftsgudsteneste?)

Ortnevik

24. desember kl. 14 – Inger C. og Anders B.
8. februar karnevalgudsteneste – Inger C. -bøker til born.
2. april (skjærtorsdag) – Inger Cesilie
17. mai – Inger Cesilie og Peter
29. juli Olsok

Sak 45/25 Offerplan og offerliste for 2026.

Soknerådet byter ut KFUK/ KFUM Sogn og Fjordane krins med Kirkens SOS.

Vedtak: Offerliste 2026 :

Prioritert i denne rekkjefylgja: Kirkens Nødhjelp, Alværa kyrkje- og misjonssenter, NMS Etiopia, kyrkjelydsarbeidet, Kirkens SOS, Helgestunder, Redd Barna og Sjømannskyrkja X 2. Utgangspunktet er 8 offerformål x 2 i kvar av kyrkjene. I Ortnevik med berre 6 forordna gudstenester i året, går sjømannskyrkja ut.

Soknerådet vedtok offer til Alværa på konfirmasjonsdagen, og Kirkens Nødhjelp på julaften. Dersom det er gudsteneste på tv- aksjonsdagen går offeret til dette formålet. Inger C. og Ann I. får ansvar for å setje opp offerformåla til gudstenestene, og prøver å tilpasse offeret til søndagen.

Sak 46/25 Klatrehortensia på muren v/ Bjordal kyrkje.

Vedtak: Terje tek ansvar for å få fjerne planta.

Sak 47/25 Val av leiar og nestleiar i soknerådet for 1 år.

Vedtak: Camilla vart attvalt som leiar og Sissel som nestleiar i soknerådet for 1 år.

Sak 48/25 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte vert torsdag 15. januar kl. 19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Eventuelt

Sak 49/25 Kasserar for soknerådet.

Vedtak: Camilla får fullmakt til å gje kyrkjekontoret ansvar for kasserarjobben frå 2026.